

NVE Konesesjon og tilsynsavdeling
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

DERES REF:
Tor Carlsen

DERES DATO:
16.07.13

ARKIVKODE:

VÅR REF:
David Inge
Tveito

STED:
Voss


DATO:
25.08.13

Kommentarar til høyringsuttalar i samband med konsesjonssøknad for Breisete Kraftverk i Jondal kommune i Hordaland.

Me viser til e-post av 16. juli 2013 med link til 15 høyringsuttalar til konsesjonssøknaden for Breisete kraftverk.

Alle høyringsuttalane er kommenterte. Me håpar at våre kommentarar er tilstrekkeleg underlag for NVE si slutthandsaming av konsesjonsøknaden.

Med venleg helsing
For Breisete Kraftverk SUS



David Inge Tveito

Innhald

Kommentar til merknadane frå:

1. Jondal kommune
2. Fylkesmannen i Hordaland
3. Hordaland Fylkeskommune
4. Hardanger Energi
5. BKK Nett AS
6. Statens Vegvesen Region Vest
7. FNF Hordaland
8. Tor Bratnebø
9. Svein T. Guntveit
10. Lars Færevåg
11. Jondal Felleskasse
12. Breisete beitelag
13. Fellesbrev frå 5 personer med bruksrett
14. Bergen Turlag
15. Folgefonni Breførrelag
16. Oppsummering av høyringsuttalane

1. Jondal kommune datert 17.07.13

Jondal kommune har i vedtaket sitt sett ei punktliste med krav for konsesjon. Relevante punkt som gjeld Tveddal er kommentert nedanfor etter kommunen si numrering.

1. Kommunen forutset avtale om drikkevatn. Dette er og utbyggjar innstilt på å få til. Sidan elva Fossane ikkje er berørt ovanfor Breisete, har utbyggjar tenkt å nytta vatnet frå denne. Det er og sjølvstekt at dette ikkje skal føra til ekstrakostnad for kommunen.

2. Støyskjerming av kraftstasjonen vil vera viktig i detaljplanlegginga.

4. og 7. vert spesifikt planlagt i Miljøplanen.

8. Prosjektet vil føra til betre veg som vil gjera det lettare å ta seg inn til Breisete. Utbyggjar har og planar om eit kultur- og friluftslivsfond som kan yta tilskot til å halde kulturlandskapet i hevd og skilting av turløyper, gangbruer osv.

11. Jondal kommune ynskjer ikkje permanent veg til Nipevatn. Dette har komme fram i fleire uttalar og utbyggjar ser derfor på løysingar for inntaket som krev minst mogleg tilsyn og vedlikehald i driftsfasen.

2. Fylkesmannen i Hordaland (FYM) datert 05.07.13

FYM skriv at utbygginga vil endre vassdragsnaturen og tuområdet og føre til at også øvre del av vassdraget vert prega av utbygging. Dei skriv og at opplevingsverdiane knytt til natur- og kulturhistoriske verdiar i området vil bli negativt påverka.

Utbyggjar er ikkje einig i desse påstandane. Det går i dag ei 66 kV kraftline i dalen. Denne må oppgraderast til 132 kV (Dette står og i høyringsuttalen til BKK Nett). Utanom redusert vassføring i elva på grunn av kraftverket, vil det kun vera inntak og kraftstasjonsbygning som vert synleg nokon år etter utbygginga. At vegen vert oppgradert vil og vera synleg. Kraftlina og den skogfrie gata den må ha, vil alltid vera synleg. Utbygginga er stort sett planlagt parallelt med kraftlina.

FYM skriv og at inntaket til eksisterande utbygging framstår som unødvendig stort og dårleg landskapstilpassa. Utbyggjar kan ikkje sjå at det skal ha betydning for handsaminga av konsesjonen til Breisete kraftverk. Det er ikkje dei same utbyggarane eller eigarar som står bak utbygginga av Breisete kraftverk.

FYM skriv og at Breistølen har eit heilt særeigen og fint stølsmiljø. Området er prega av inngrep med asfaltert veg, mange stølar/hytter og kraftline.

FYM skriv og at vegen vil bli oppgradert truleg i stil med vegen bygd for Stølsdalselva Kraftverk. Det er ikkje noko grunn til at FYM kan hevda dette. Dei som bygde ut Stølsdalselva kraftverk hadde planlagt å så igjen traseen. Det var grunneigar som søkte om permanent veg. Oppgraderinga av vegen vil bli planlagt i detaljplanane og gjort så skånsamt som mogleg.

FYM skriv at opplevingsverdiane knytt til natur- og kulturhistoriske verdiar i området vil bli negativt påverka. Det er ein påstand som vil vera individuell for kvar einskild si oppleving. Utbyggjar kan vanskeleg sjå at alle vil få ei negativ oppleving av natur- og kulturhistoriske verdiar fordi det vert bygd eit kraftverk. I Utklipp 1 nedanfor er NVE si grunngjeving i forhold til minstevassføring for det eksisterande kraftverket i Stølsdalselva. Her står det at regimet med 400 l/s om sommaren er tilstrekkeleg for å sikre dei viktigaste biologiske funksjonane i elva og ivareta landskapsopplevinga om sommaren. Breisete kraftverk har søkt om 277 l/s i minstevassføring om sommaren. Sett i forhold til Tveddal og Stølsdalselva kraftverk bør dette vera ei minstevassføring som ivaretar landskapsopplevinga.

I følgje FYM gir ikkje søknaden ei utfyllande skildring av utbygginga og dei skriv at kart og bilete nærmast er uleselege. Dette er uforståande for utbyggjar, då det i konsesjonssøknaden

er 8 sider med kart og visualiseringar av både stasjon og inntak. Dette er gjort både på kart og flyfoto.

FYM skriv og at ei utbygging må vurderast ut i frå kor mykje dette sidevassdraget kan tole. Utbyggar meiner at dette kan ein og sjå på ein annan måte ved og ikkje byggje ut nokon vassdrag/områder i det heile og i staden gi løyve til fleire utbyggingar, der det allereie er gjort utbyggingar eller andre tekniske inngrep.

Vi er av den oppfatning at det i perioden 15. mai – 15. september må slippes 400 l/s. Resten av året vurderes 140 l/s til å være en tilstrekkelig minstevannføring. NVE mener at dette regimet for slipp av minstevannføring vil sikre de viktigste biologiske funksjonene i elva og ivareta landskapsopplevelsen om sommeren.

Utklipp 1: Utklipp frå NVE sin konklusjon i bakgrunn for vedtak eksisterande utbygging i Stølsdalselva.

Utbyggar har vanskar med å forstå at FYM fremjar motsegn til Breisete kraftverk med bakgrunn i dei argumenta som kjem fram i uttalen.

3. Hordaland Fylkeskommune (HfK) datert 01.07.13

Utbyggar var tidleg både i skriftleg og munnleg i kontakt med Fylkeskommunen og ba om tilbakemelding på kulturminneverdiane i området og spesifikt dei som er på stølsvollen på Breistølen. Dette var lova frå Fylkeskommunen i god tid, men til slutt fekk utbyggar melding om at tilbakemelding kun kom som uttale til høyringa.

Vedtaket til HfK har 4 punkt for Breisete

I vedtaket rår HfK frå utbygging av Tveddal på grunn av at utbygginga ikkje er tilstrekkeleg vurdert og det er potensiell konflikt med kulturminne, biologisk mangfald og landskap. HfK grunngjev dette ut i frå §8 og §9 i Naturmangfaldslova.

HfK fremjar og motsegn mot vegløyising og jordkabel til kraftstasjonen.


Friluftsliv

I fylkesdelplanen for Småkraftverk (er fortsatt til klagehandsaming i Miljøverndepartementet) er det 3 kategoriar for vurdering av friluftsliv og 1 kategori for ikkje vurdert landskap. Breisete er kategorisert i lågaste kategori som er "Noko verdi".

HfK skriv at heile prosjektområde til Breisete og Tveddal ligg innanfor friluftsområde «Breidsete» med verdi C. Området er vurdert å ha svært høg opplevingsverdi

I kursiv nedanfor er teksten som forklarar områdevurderinga av regionale friluftsområde i Hordaland. «*Områda er vurdert slik at dei framstår med ein totalverdi som A-, B- eller C-område, dvs. "svært viktig", viktig" eller "registrert". På kartet er dette vist med fargekodar*».

Utbyggar har vanskar med å finne ut korleis området er vurdert til å ha svært høg opplevingsverdi i følge uttalen til HfK når det i underlaget me finn dvs. både fylkesdelplan for småkraftverk og områdevurdering av regionale friluftsområde, er kategorisert i lågaste verdi av 3 klassar.



Utklipp 2: Utklipp frå kart over regionale friluftsområde i Hordaland. Heile kartet for Hordaland er i vedlegg 1.

Det vert og skrive at utbygginga vil ha stor negativ innverknad på friluftslivet og reiselivssatsinga i Jondal. Dette er påstand som ikkje er dokumentert og som HfK ikkje kan vita på førehand. Jondal kommune må vera dei rette til å vurdere dette og dei er positive til utbygginga. Utbyggjar si erfaring er at område som vert gjort enklare tilgjengeleg med nye eller betre vegar, ofte gjer at fleire går tur i områda.

Biologisk mangfald (BM)

HfK skriv at rapportane for BM er mangelfulle. Utbyggjar meiner at BM rapportane er etter gjeldande mal for då dei vart laga. Det er og gjort 2 uavhengige synfaringar. Tilbakemeldingane frå HfK er etter vår vurdering krav som er utover retningslinjer og praksis.

Når det gjeld fossefall så er normalen i følgje BM rapporten, 1 hekkande par med Fossefall pr. 2 km elv av denne kategorien. Biolog skriv at arten vil ha sine naturlege hekkeområder både ovanfor og nedanfor planlagt utbygging. Dessutan blir ikkje elva tørrlagt. Det er viktig å få med at elva Fossane som møter elva frå Nipevatn, ikkje er råka av utbygging eller inngrep.

Landskap

HfK skriv at utbyggingane er ikkje er del av fjordlandskapet, men det er konfliktar med landskapsverdiar i det nære landskapet. Denne sidedalen har eit urørt preg og elva er eit framtrekande og sentralt landskapselement. På grunn av kraftlina, bilveg og mange hytter meiner utbyggjar at dalen ikkje har eit urørt preg. Utbyggjar meiner og at omsøkt minstevassføring er nok for å oppretthalda elva som eit sentralt landskapselement.

Kulturminne

Det vert og vist til at kulturminne ikkje er utgreid og kva konsekvens tiltaket har for kulturminne. Opprinneleg var det planlagt veg over stølsvollen etter eksisterande veg. Uttalen frå HfK viser at det ikkje er mogleg å unngå konflikt med automatisk freda kulturminne etter denne traseen. Utbyggar har derfor planlagt ny vegtrase like nedanfor og den vil verta vist på den offentlege synfaringa.

HfK skriv at «*Truleg vil regulering av*

Nipevatn gie ei tidvis skjemmande reguleringssone. I tillegg vil det å redusere vassmengda i elva frå Nipevatn til Breisete og etablere ein permanent veg opp dalføret få stor negativ innverknad for friluftslivet og reiselivssatsinga i Jondal.»

Nipevatn er oppgitt med 2 kotehøgder 611,5 moh og 612 moh. Det er denne naturlege variasjonen utbyggar har søkt om å utnytte. På side 14 i konsesjonssøknaden står dette forklart. Det er estimert ca. 10 gonger med senking frå 612 til 611,5 ved større nedbørsmenger først og fremt vår og haust. Sidan det ikkje er søkt om regulering over eller under den naturlege variasjonen på 0,5 meter, vil det ikkje verta ei skjemmande reguleringssone slik HfK skriv.

Som kommentert ovanfor, meiner utbyggar det er feil av HfK å påstå at utbygginga vil få stor negativ innverknad for friluftsliv og reiselivssatsinga i Jondal.



Bilete 1: Bilete er teke frå Breistølen og viser at elva ikkje er synleg medan kraftlina er eit markert landskapselement.

4. Hardanger Energi AS datert 12.07.13

Har ikkje kommentarar til denne uttalen. Det er kjent frå konsesjonssøknadsprosessen.

5. BKK Nett AS datert 26.04.13

Har ikkje kommentarar til denne uttalen. Det er kjent frå konsesjonssøknadsprosessen.

6. Statens Vegvesen Region Vest datert 07.05.13

Har ikkje kommentarar til denne uttalen.

7. FNF Hordaland datert 28.06.13

FNF har mange generelle og overordna kommentarar.

Når det gjeld Breisete og kommentarane til landskap og friluftsliv vert det vist til kommentarane til uttalen frå HfK.

8. Tor Brattebø datert 28.06.13

Utbyggar har sendt informasjon til alle som er registrert med bruksnr under gardane som etter informasjonen utbyggar har, er fallrettseigarar.

I følge falleligarane har dei fall og eigedomsrettar medan det også er andre som har beiterett og rett til å hogga ved. Områda for vedhogst er utanfor omsøkt areal.

Utbyggar vil i detaljplanlegginga kartlegga og etterspørre informasjon frå alle brukarar av vegen, for å kunne best tilpassa anleggsdrifta i forhold til behovet kvar einskild har i den korte perioden det kan vera vanskeleg å ta seg fram til Breisete med bil på heile strekninga. Som i andre prosjekt, vil utbyggar senda ut informasjonsskriv til dei som vert råka, om den praktiske gjennomføringa av utbygginga.

Når det gjeld økonomi for Jondal kommune og falleligarane vil Tveddal kraftverk gi ca. 190 000 kr. i eigedomsskatt til Jondal kommune.

Kraftpris inkl. el. sertifikat på 45 øre/KWh og utbygging etter budsjett, vil etter falleligemodellen føra til at falleligarane får ei utbetaling på ca. 750 000 kr. før skatt første år. Jondal kommune eig direkte 5,79 % av fallet.

9. Svein T. Guntveit datert 09.07.13

Guntveit er i mot utbygginga av Breisete og meiner han ikkje er informert om planane.

Han er og i mot permanent veg til Nipevatn, vegløyning til kraftstasjon, plassering av kraftstasjonen og peikar på brukarinteresser og tilhøve til hytteigarar og rettighetshavarar.

Utbyggar er utforståande til at dette ikkje er kjent, då dette har vore presentert på fellesmøter og falleligarane har hatt konsesjonssøknadane sidan 2010.

Når det gjeld plassering av kraftstasjon meiner utbyggar at det er denne plasseringa som gir minst inngrep i terrenget under og etter anleggsperioden. Støy vil det bli gjort ekstra tiltak for å redusera. Sidan elva Fossane går urørt like ved stasjonen, vil den også vera med å fjerna støy frå kraftstasjonen.

Dei andre uttalane til Guntveit er kommentert i andre uttalar frå utbyggar.

10. Lars Færevåg datert 01.07.13

Færevåg er mot utbygginga av Breisete kraftverk ut i frå naturverdiar og naturoppleving.

Utbyggar meiner at utbygginga er planlagt og kan utførast slik at det nokre år etter utbygginga kun er inntakskonstruksjonen, redusert vassføring, veg og stasjonsbygning som er synleg.

Utbyggar har hatt møte med Færevåg for å få innspel til andre moglege løysingar, men han ynskjer ikkje utbygging uansett.



Bilete 2: Utløp av Nipevatn til høgre. Hytta til Lars Færevåg til venstre.

11. Jondal Felleskasse (JF) datert 11.07.13

JF er positiv til tiltaka, men negativ til evt. permanent veg langs røyrtraseen for Breisete kraftverk.

JF er positiv til utbygging i Stølsdalen. og ser at tiltak i området kan føra med seg at vegen til Breisete vert opp rusta slik at den kan ha den bruken den har for alle grunneigarane og hytteeigarane i området. JF har til dels store utgifter til drift og vedlikehald på vegen i dag, sjølv om det er innført ei avgift gjev dette berre om lag 5-6 tusen kroner pr. år. Vegen er bygd som ein kjerreveg, men gradis utvida siik at me kjem fram med personbilar og traktor. JF har ikkje tankar om at vegen skal ha slik standard at bu-bilar og lastebilar kjem fram. Denne vert hindra av at det er ei bru over elva ved inntaket til Stølsdalselva Kraftverk berre er 2,1 meter brei. Dette er for smalt til det traktorane som grunneigarane nyttar i dag, men dei som har store traktorar har avtalar om bruk av skogsveg på naboeigedomane til JF.

JF meiner at det er falleigarane som også eig grunnen, og vurderer jordskifte om nødvendig.

Utbyggar vil i samarbeid med JF finna gode løysingar for bruk av vegen under anleggsfasen og seinare i driftsfasen.


12. Fellesbrev frå 5 personer med bruksrett (Hans Bringeland m.fl.) datert 15.07.13

Alle 5 er brukarar av området Freddal/Kvandal/Nipe som ligg utanfor det området som begge kraftverka ligg i. Dei er ikkje grunneigarar i dette området. Beiteretten dei har ligg og i dette området, ikkje i Jondal felles. Dei har alle bruksrett i vegen til Breisete mot å delta i årleg dugnad eller betala for denne.

Dei overordna perspektiva dei nemner er kommentert i kommentarar til andre uttalar.

Dei har skrive 7 kommentarar til Breisete kraftverk

1. Det er korrekt at stien til Nipevatn vil verta borte i deler av røyrgetraseen. Ved å ta vare på toppdekket og legge dette tilbake etterpå, vil det gro raskare til.
2. Terrenget er ikkje anleggsteknisk utfordrande og dette vil verta planlagt i detaljplanane
3. Elva vil ikkje verta turrlagt. Det er omsøkt minstevassføring som er over det vassføringa er i enkelte delar av året.
4. Vassføringa vil verta redusert, men minstevassføring vil hjelpa til med å oppretthalda landskapsopplevinga meiner utbyggjar.
5. Sidan det ikkje er snakk om oppdemming, kan reguleringa vera positiv for problem med over vatn over sti/veg.
6. Når det gjeld gjerde, så kryssar beitedyr også i dag elva. Omsøkt minstevassføringa er høgare enn vassføringa i enkelt perioder. Dette er vist i hydrologirapporten. Tidlegare var det ein felles pasgarde mellom Jondal og Torsnes. Denne er vist på bilete nedanfor. Utbyggjar meiner difor at kraftverket ikkje kan påleggjast gjerdeplikt.
7. Inntaksinstallasjon vil verta gjort så lite synleg som mogleg.



Bilete 3: Trase for gammel pasgarde mellom Torsnes og Jondal.

13. Bergen Turlag datert 15.07.2013

Bergen Turlag meiner at friluftsinnteresser og omsynet til landskapsverdiar ikkje er tilstrekkeleg handsama.

Utbyggjar er ikkje einig i dette og viser til kommentarane under Hfk sin uttale.

Det at elva Fossane ikkje er berørt og at utløpet av Breisete Kraftverk kjem ut ovanfor utløpet av elva gjer at det fortsatt er ein stor del av Stølsdalselva som ikkje vert råka av utbygging.

Falleigarar meiner at det ikkje er mange som nyttar Tveddal/Breisete som turområde eller nyttar hyttene sine. Dette kan dei og dokumentera ut i frå si eige hyttebok.

14. Breisete beitelag datert 14.07.2013

Breisete beitelag skriv at dei må takast med i planen då medlemmane er heilt avhengige av vegen i samband med beiteslepp og sanking. Dette for å komma fram med traktor og hengar til eksisterande saueinnhegning på Breisete der ein slepper og samlar sauene. Generelt må vegen vera open heile sommarhalvåret p.g.a tilsyn med dyra som er i fjellet.

Dette er sjølvstykkt for utbyggjar og ein vil finna fram til ordningar som i den korte anleggstida gjer det mogleg å sjå etter dyra. Etter utbygginga vil vegen verta i betre stand.

Når det gjeld gjerde vert det vist til uttale nr. 12.

15. Folgefonni breførarlag datert 15.07.13

Folgefonni breførarlag har omtalt kvart av dei 13 prosjekta i pakken.

Dei skriv at Breisete er eit særskilt viktig utgangspunkt for fotturar til Freddal, Torsnesstølen og over fjellet til Mauranger. Samstundes startar stien langs stølsdalen med stølane Espelands-, Flatabørgryting og Osadal her. Dette er ein av dei mest nytta fotturane for turistar i Jondal i dag. Sidan nedre del av Stølsdalselvi allereie er utbygd, vil ei utbygging av desse to kraftveka føra til at ein stor del av vassdragsnaturen er borte i dette området. På stølen Breisete er det ei mengd hytter og friluftslivet for desse brukarane vil difor verte skadelidande av ei utbygging.

Utbyggjar viser til kommentarane til uttalane frå FYM og Hfk.

Utbyggjar meiner at betre og nye vegar som gjer området lettare tilgjengeleg, vil føra til at det er enklare å ta seg inn i området. Elva Fossane er ikkje berørt, slik at for dei fleste hyttene og stølshusa, vil det ikkje vera endring i vassføring i den synlege delen av elva.

16. Oppsummering

Utbyggjar meiner utbygginga av Breisete kraftverk er eit godt miljøtilpassa prosjekt.

I detaljplanlegging vil det bli lagt opp til få til eit inntak og kraftstasjon som viser minst mogleg igjen, gjerne også utan lukehus om det lar seg gjerast.

I driftssamanheng vil det enkelte gonger kunne vera behov for å komma seg til inntaket med køyretøy. Utbyggjar har difor søkt om permanent enkel traktorveg, men registrerer at det er motstand mot dette. Viss det vert gitt løyve til permanent veg, så bør den stengast med bom, slik at den ikkje er open for allmenn ferdsel. For dei som skal vidare på fjelltur vil ein veg forenkla tilkomsten.

Viss det ikkje vert gitt løyve til veg, ønsker utbyggjar at det vert mogleg å ha køyrestyrkt terreng slik at det er mogleg å komma til inntaket med ATV.

Etter at det er gitt løyve til utbygginga, vil utbyggjar få til ei ordning som gjer at det vert minst mogleg stenging av vegen til Breisete. Dette må gjerast i dialog med entreprenør og Jondal Felles som eig og administrerer vegen.

For stølen Breisete meiner utbyggjar at det vil vera liten endring før og etter utbygging utanom vegen til kraftstasjonen og kraftstasjonsbygningen. Elva Fossane vert ikkje berørt og utsleppet frå Breisete kraftstasjon vert ovanfor samløpet av elva frå Nipevatn og Fossane. Kraftstasjonsbygning vil verta laga så liten som mogleg og mest mogleg lik ei hytte.

Kraftstasjonsbygningen vil verta synleg frå stølen. Denne kan også dempast med å plante tre rundt og legge torvtak.

Frå fleire høyringspartar som rår frå utbygginga, blant anna FYM og Hfk, vert det vist til urørt natur, stor verdi for friluftsliv og kulturopplevingar. Utbygger meiner at det ikkje er gode nok argument for å frårå konsesjon slik Hfk og FYM gjer. Dette grunngjev utbygger med at det går kraftline parallelt med prosjektet og er mange hytter/stølar som gjer at området er prega av teknisk inngrep. Det er ikkje gjort funn i BM undersøkingane og kategoriseringa av Breisete som friluftsområde er i lågaste kategori i offentleg planverk.

Utbygger har justert trase for vegen til Breisete, slik at den ikkje råkar automatiske freda kulturminne. Traseen vert vist på synfaringa.

Som det er vist i hydrologirapporten og i utklipp 3 nedanfor, vil det vera eit betydeleg antal dagar med vassføring over maksimal slukeevne + minstevassføring også i tørre år. Dette og omsøkt minstevassføring, vil gjera at elva fortsatt er eit sentralt landskapselement.

1.3.2 Antall dagar med vannføring større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevannføring (se pkt. 1.1.5) i utvalgte år.

	Tørt år 1996	Middels år 1979	Vått år 1983
Antall dagar med vannføring > maksimal slukeevne	34	68	120
Antall dagar med vannføring < planlagt minstevannføring + minste slukeevne	103	64	0

Utklipp 3: Antal dagar med vassføring utover maksimal slukeevne.